


## 8. Museum og samlingar

### 8.1. Nokre resultat

Over 10 millionar museumsbesøk

I 2011 var det nesten 10,6 millionar besøk i musea i Noreg. Talet på museumsbesøk har auka med nesten 1,2 millionar, eller 13 prosent dei fem siste åra. Musea i Oslo hadde nesten 3,9 millionar besøk og stod for 37 prosent av alle museumsbesøka i Noreg i 2011. Musea i Troms hadde den høgaste auken i prosent frå 2006 til 2011 med 98 prosent. Sør-Trøndelag og Østfold hadde òg ein auke i denne perioden, med høvesvis 51 og 50 prosent. I same perioden gjekk besøkstala ved musea i Aust-Agder og Finnmark ned med høvesvis 27 og 15 prosent. Sjå tabell 8.2 og figur 8.1.


Figur 8.1. Besøk i norske museum. Fylke, etter endringar i prosent i talet på besøk det siste året og dei siste fem åra



Kjelde: Statistisk sentralbyrå.

Over halvparten av besøka er betalte

54 prosent av museumsbesøka var betalte besøk i 2011. Dette er ein auke på 5 prosentpoeng frå året før og den høgaste delen dei siste ti åra. Sidan 2002 har prosentdelen betalande variert mellom 46 og 54 prosent. Skilnadene mellom musea og mellom fylka er store når ein ser på delen av betalande besøk. Noko av dette kjem av at ikkje alle musea tek betaling. Musea i Svalbard og Hedmark hadde størst prosentdel betalande i 2011, med høvesvis 86 og 78 prosent betalande av det totale besøket. Østfold var på den andre sida fylket med færrest betalande besøk, med 12 prosent. Sjå figur 8.2.

Figur 8.2. Museumsbesøk, betalte og andre<sup>1</sup>, etter fylke. 2011. Prosent

<sup>1</sup>Andre besøk er lik totalt besøk minus betalte besøk.

Kjelde: Statistisk sentralbyrå.

#### Auke i tal utstillingar

I 2011 var det drygt 2 900 utstillingar i dei norske musea, ein auke på 1 prosent frå året før. Musea i Møre og Romsdal, Finnmark og Troms hadde størst auke i talet på utstillingar, 11-12 prosent. Dei siste fem åra har musea i Oslo og Nordland hatt flest utstillingar, og i 2011 hadde desse musea høvesvis 396 og 326 utstillingar. Sidan 2006 har talet på utstillingar auka med 200, det svarar til 7 prosent. Størst auke i prosent finn ein i musea i Møre og Romsdal, Troms og Oslo, med høvesvis 46, 35 og 31 prosent sidan 2006. Sjå tabell 8.3.

Det har vore ein liten auke i talet på basisutstillingar. Dei utgjer over halvparten, eller 55 prosent, av alle utstillingane i musea. Talet på temporære utstillingar og eigenproduserte vandreutstillingar i drift har derimot gått litt ned. Desse utstillingstypene utgjorde i 2011 høvesvis ein tredjedel og ein tiendedel av alle utstillingane.


#### 48 millionar museumsgjenstandar

Det var registrert om lag 48 millionar gjenstandar eller objekt i samlingane til dei norske musea i 2011. Med nokre få unntak veks talet på gjenstandar for kvart år. Siste året auka talet med 13 prosent, og sidan 2006 har talet på gjenstandar auka med 39 prosent.

Når det gjeld kunsthistoriske gjenstandar, var det 640 000 i dei norske musea i 2011. Talet auka med 200 000 frå året før, men over halvparten av auken kjem på grunn av ein forbetra teljemåte ved Nasjonalmuseet for kunst. Det var over 4,6 millionar arkeologiske gjenstandar i musea i 2011, ein auke på 5 prosent frå 2010. Talet på kulturhistoriske gjenstandar har halde seg stabilt på 3,6 millionar dei siste to åra. Dei naturhistoriske gjenstandane har auka med 2 prosent, og det var i 2011 over 10 millionar gjenstandar. Dei norske musea hadde nær 30 millionar fotografi i 2011. Talet har auka med nær 5 millionar frå 2010, men over halvparten av dette kjem av ein ny standardiseringsmåte for teljing av samlingane ved eit museum i Akershus. Sjå tabell 8.1 og figur 8.3.

Musea i Noreg forvaltar nær 5 000 kulturhistoriske bygningar, og over 2 900 av desse er opne for publikum. Frå 2006 utgjer det ein auke på nær 90 kulturhistoriske bygningar, medan det er ein nedgang på 17 opne kulturhistoriske bygningar. Sjå tabell 8.4.

Figur 8.3. Samlingar i norske museum<sup>1</sup>. 2007-2011. 1 000



<sup>1</sup> Tala i tabellen omfattar dei musea som var opne for publikum.  
Kjelde: Statistisk sentralbyrå.


#### Nær 4 000 årsverk

Det vart utført nær 4 000 årsverk i musea i 2011. Frå 2006 er dette ein auke på nær 400 årsverk, eller 11 prosent. Nær 3 800 årsverk var lønte, og dette utgjer 95 prosent av dei totale årsverka. Dei fem siste åra har delen av dei lønte årsverka vore den same. Det vil seie at om lag 5 prosent av årsverka i musea har vore frivillig arbeid. Nær 2 850 av årsverka var faste, dette utgjer 75 prosent av dei lønte årsverka. Frå 2006 utgjer dette ein auke på 1 prosentpoeng, som tilseier at det er ein liten auke i delen av faste stillingar. Kvinnedelen i dei lønte årsverka var 53 prosent. Sjå tabell 8.6.


Rundt rekna står kvinner for fire av ti årsverk utførte av daglege leiarar, seks av ti årsverk utførte av vitenskaplege, kunst- og kulturfaglege stillingar, sju av ti årsverk utførte av administrativt personale og tre av ti årsverk utførte av teknisk personale. Det er små variasjonar frå år til år, men tendensen har gått mot høgare kvinnedel for dagleg leiar og vitenskapleg kunst- og kulturfagleg personale. Når det gjeld styreleiarar, gjekk delen kvinner ned frå 25 til 18 prosent i perioden 2006-2010, men har stige til 21 prosent igjen i 2011. Kjønnfordelinga blant styremedlemmer har òg endra seg litt siste året, til 45 prosent kvinnedel, mens delen varamedlemmer har halde seg nokolunde stabil sidan 2006. Sjå tabellane 8.7 og 8.8.

#### Offentlege løyvingar aukar stadig

Dei totale driftsinntektene for musea i Noreg låg på 3,98 milliardar kroner i 2011, og av dette utgjorde dei offentlege løyvingane 2,77 milliardar. Dette er ein auke i driftsinntektene frå 2010 på 251 millionar, eller 7 prosent. Veksten for dei offentlege løyvingane var 172 millionar kroner, eller nesten 7 prosent. Driftskostnadene for musea utgjorde 3,67 milliardar kroner, eit positivt driftsresultat på 317 millionar kroner i 2011. I 2010 var driftsresultatet på 72 millionar kroner. Sjå tabell 8.5 og figurane 8.4 og 8.5.

**Figur 8.4. Driftsinntekter, etter inntektstype i norske museum. 2008-2011. Prosent**

Kjelde: Statistisk sentralbyrå.

**Figur 8.5. Driftsutgifter, etter kostnadstype<sup>1</sup> i norske museum. 2008-2011. Prosent**<sup>1</sup> Dei offentlege refusjonane er trekte frå.

Kjelde: Statistisk sentralbyrå.

**Stadig færre administrative einingar**

Talet på dei norske musea har gått ned frå 188 i 2005 til 134 administrative einingar i 2011. Nedgangen har si årsak i ein konsolideringsprosess der museum slår seg saman og dannar større organisasjonar (Norsk kulturråd 2012, Statistikk for museum 2011). Samanlikna med 2010 var det ein nedgang på berre tre administrative einingar. Med andre ord har samanslåingar under museumsreforma gått kraftig ned.

**8.2. Om museumsstatistikken**

Formålet med museumsstatistikken er å gi ei årleg oversikt over aktiviteten på området. Statistikken gir også naudsynt informasjon for stat, fylke, kommune og andre som er involverte i drifta eller finansieringa av musea. Statistisk sentralbyrå har publisert statistikken årleg sidan 1983, med unntak av åra 1984 og 1990. Statistikken har vore publisert i samarbeid med Statens museumsråd, Norsk Museumsutvikling (NMU) og ABM-utvikling – Statens senter for arkiv, bibliotek og museum og frå statistikkrapporteringa i 2011, i samarbeid med Norsk kulturråd.

### 8.2.1. Omfang og publisering

Frå og med statistikkåret 2002 består statistikken i Statistisk sentralbyrå (SSB) av ein delpopulasjon av dei norske musea. I tillegg til at musea skal vere opne for publikum, har vi avgrensa populasjonen til å gjelde berre dei musea som har minst eitt fast lønt årsverk. Ein har slik fått ein meir stabil populasjon å halde seg til. Dei siste åra har museumssektoren vore gjennom ei stor reform. Museum over heile landet er gjennom regionale konsolideringsprosessar slegne saman til sterkare faglege einingar. Dette har ført til at talet på einingar som rapporterer inn statistikk, er reduserte dei seinare åra. Likevel representerer desse einingane i hovudsak det same landskapet og populasjonen som tidlegare, i høve til gjenstandar, bygningar, utstillingar, tilsette, økonomi og så vidare.

Museumsstatistikken i SSB blir publisert her: <http://www.ssb.no/museer/>.

Tal frå kultur- og mediebruksundersøkingane blir publiserte i Norsk kulturbarometer: <http://www.ssb.no/kulturbar/>.

Norsk kulturråd publiserer òg museumsstatistikk: <http://www.norskulturrad.no/>.

### 8.2.2. Datakjelder og datainnsamling

Det er Norsk kulturråd som har ansvaret for å samle inn data frå dei enkelte museumseiningane. Fram til 2004 blei data rapporterte på skjema. SSB stod for registrering, revidering, kvalitetssikring og publisering av data. Dei siste åra har datainnsamlinga gått føre seg elektronisk, og SSB får ei samla elektronisk datafil for heile populasjonen via Norsk kulturråd. Fila dannar grunnlaget for publisering frå SSB.

### 8.2.3. Omgrep og definisjonar

*Museum* I hovudsak byggjer definisjonen av museum seg på International Council of Museums' (ICOM) definisjon:

*«Et museum er en permanent institusjon, ikke basert på profitt, som skal tjene samfunnet og dets utvikling og være åpent for publikum; som samler inn, bevarer/konserverer, forsker i, formidler og stiller ut materielle og immatrielle vitnesbyrd om mennesker og deres omgivelser i studie-, utdannings- og underholdningsøyemed.»*  
(ICOMs statutter, artikkel 3, paragraf 1).

Til og med 2001-statistikken var det slik at alle samlingar som var opne for publikum, kunne vere inkluderte i museumsstatistikken. Frå 2002 er museumsstatistikken i SSB avgrensa til ein delpopulasjon (sjå 8.2.1). Kravet til einingar i delpopulasjonen er at musea skal vere opne for publikum og ha minst eitt fast lønt årsverk.

*Type museum* Frå statistikkåret 2011 blir ikkje musea lenger delte inn i museumstypar. I statistikkane frå 2007 til 2010 vart musea delte in i fem museumstypar: Kunst- og kunstindustrimuseum, kulturhistorisk museum, naturhistorisk museum, blanda kultur- og naturhistorisk museum og blanda kunst- og kulturhistorisk museum. Denne inndelinga er ikkje lenger formålstenleg på grunn alle dei konsoliderte musea.

*Besøk i museumsstatistikken*

*«Med besøk meiner vi besøk av personar som kjem til museet for å sjå på og bruke utstillingar og formidlingstenester i museet. For friluftsmuseum reknar vi med besøk av personar som kjem til museet sitt område i opningstida for å gjere seg bruk av museet si formidling på området. Besøk av personar som oppheld seg i museet sine lokale og friluftsområde i samband med arrangement som ikkje aktivt er knytta til museet si formidling og verksemd, vert ikkje rekna med. For utstillingar i andre lokale enn museet sine egne, reknar ein med besøk av personar dersom dei kjem for å oppsøkje museet si utstilling. Personar som berre passerer gjenstandar/fotografi i eit offentleg lokale utan å oppsøkje utstillinga på ein aktiv måte, skal ikkje reknast med. Virtuelle besøk (internettutstillingar og liknande)*

Universell utforming –  
nedsett funksjonsevne

vert ikkje rekna med.» (Hjelpetekst til statistikk skjema for norske museum og samlingar for 2011)

«Funksjonshemmedes Fellesorganisasjon taler om funksjonshemming som ein konflikt mellom individets føresetnader og miljøets og samfunnets krav til funksjon på område som er vesentlege for å etablere og halde oppe mennesket sitt sjølvstende og sosiale tilvere. [...] Tilrettelegging av lokale kan for eksempel vere teleslynge, heis for rullestolbrukarar, rullestolrampe. [...] Tilrettelegging av formidling kan for eksempel vere merking med blindeskrift, teiknspråk, storskrift og lettlest informasjon. [...] WAI-standarden (Web Accessibility Initiative) er ein standard for universelt tilgjengelege nettstader. Nærare informasjon kan de finne mellom anna på <http://www.w3.org/WAI/>. WAI-standarden er retningslinjer for korleis ein presenterer informasjon mest mogleg tilgjengeleg på nettsider. Norge.no har KVALITETSKRITERIER for vurdering av kvalitet på offentlege nettstader.» (Hjelpetekst til statistikk skjema for norske museum og samlingar for 2011).

Andre omgrep

*Inntekter totalt:* Inkluderer offentlege løyvingar, billettinntekter, gåver og andre inntekter.

*Lønte årsverk i alt omfattar:* Faste stillingar, mellombels engasjerte (ikkje på arbeidsmarknadstiltak), engasjerte gjennom arbeidsmarknadstiltak, lærlingar og sivilarbeidarar.

*Utgifter i alt:* Inkluderer lønn, sosiale utgifter, andre driftsutgifter og investeringar.

*Gjenstandar/objekt:* Kan vere kunsthistoriske, kulturhistoriske, naturhistoriske, arkeologiske og fotografi. Kategorien arkeologiske gjenstandar blei innført i 2007. Desse gjenstandane har hovudsakleg tidlegare vore rapporterte i kategorien kulturhistoriske gjenstandar (ABM-skrift, nr. 49).

*Basisutstillingar:* Fast utstilling som er ein del av museet sitt faste opplegg for formidling.

*Vandreutstilling:* Utstilling som er laga for å kunne transporterast og visast på fleire stader.

*Temporær utstilling:* Utstilling som er montert, og som skal visast ei avgrensa tid. Visingstida kan variere frå nokre få dagar og inntil eit år.

*Kulturhistoriske bygningar:* Med kulturhistoriske bygningar meiner ein bygningar som har kunnskaps- og kjeldeverdi ved at dei vitnar om lokal kunnskap, estetikk, tradisjonar, levesett, arkitektur og økonomiske føresetnader. Bygningane kan vere ein sjølvstendig del av utstillingane til museet og formidling (friluftsmusea), men også kulturhistorisk viktige bygningar som rommar utstillingar, skal ein telje her. Omgrepet «kulturhistoriske bygningar» bruker ein her både for bygningar som er freda eller blir vurderte som verneverdige. (Statistikk skjema for norske museum og samlingar for året 2011).

#### 8.2.4. Feilkjelder og uvisse

Det kan oppstå feil ved utfylling av skjema i dei einskilde musea. Dei fleste slike feil blir funne og retta ved maskinelle og manuelle kontrollar. Dei siste åra er kvaliteten i museumsstatistikken blitt betre.

#### 8.2.5. Samanlikningar

Av di populasjonen ikkje har vore eintydig, og på grunn av svært varierende svarprosent frå år til år, har det vore vanskeleg å samanlikne aktiviteten over tid. Frå og med statistikkåret 2002 er populasjonen meir eintydig, og samanlikningar vil difor kunne gjerast frå og med 2002. Med avgrensinga av populasjonen, jamfør 8.2.1, er museumsstatistikken også blitt enklare å samanlikne med statistikken i dei andre nordiske landa.

### 8.3. Kulturbruksundersøkingane

Statistisk sentralbyrå gjennomfører kvart fjerde år ei utvalsundersøking, der folk i alderen 9-79 år blir spurde om bruken av ulike kulturtilbod. Siste tilgjengelege resultat er publisert i Norsk kulturbarometer 2008. Sjå også Kulturstatistikk 2009.

#### Referansar

ICOM: (<http://www.icom-norway.org/definisjon.html>)

Statistikk for museum 2011, Norsk kulturråd: (<http://www.norskkulturrad.no>)

#### Meir informasjon

Kulturstatistikk 2008, 2009 og 2010: ([http://www.ssb.no/emner/07/nos\\_kultur](http://www.ssb.no/emner/07/nos_kultur))

Kultur- og mediebruk blant personar med innvandrarbakgrunn:

([http://www.ssb.no/emner/07/02/rapp\\_200929](http://www.ssb.no/emner/07/02/rapp_200929))

Levkårsundersøkinga 2007: (<http://www.ssb.no/emner/00/02/levstat>)

Museum og samlingar, Statistisk sentralbyrå: (<http://www.ssb.no/museer>)

Norsk kulturbarometer 2008: (<http://www.ssb.no/kulturbar>)

Tabell 8.1. Museum<sup>1</sup> og samlinger. Storleik på samlingane. 2002-2011

	Gjenstandar/objekt						
	I alt	Kunst- historiske	Arkeo- logiske	Kultur- historiske	Natur- historiske	Fotografi	Del av materialet som er elektronisk registrert
2002 .....	26 775 867	551 165	-	5 137 055	11 225 769	9 861 878	-
2003 .....	26 925 141	560 179	-	4 883 866	11 284 219	10 196 877	-
2004 .....	32 097 587	314 231	-	5 350 045	11 545 829	14 887 482	-
2005 .....	34 297 470	470 768	-	6 141 348	11 639 872	16 045 482	-
2006 .....	35 103 293	505 181	-	6 287 267	11 220 116	17 090 729	8 450 955
2007 .....	38 377 510	452 661	4 658 042	3 469 430	11 855 590	17 941 787	8 700 386
2008 .....	43 484 229	450 762	4 191 631	3 489 294	11 921 261	23 431 281	9 230 788
2009 .....	42 732 026	453 305	4 279 451	3 542 745	11 542 271	22 914 254	<sup>2</sup> 8 375 725
2010 .....	43 129 650	451 895	4 404 473	3 588 710	9 953 467	24 731 105	11 265 530
2011 .....	48 665 033	643 083	4 611 748	3 590 089	10 138 478	29 681 635	12 693 367
<b>2011</b>							
Østfold .....	870 134	4 946	314	87 354	1 047	776 473	130 424
Akershus .....	4 076 859	4 390	2	72 297	696	3 999 474	411 224
Oslo .....	15 066 229	491 241	1 482 987	804 089	6 060 462	6 227 450	4 217 456
Hedmark .....	4 521 579	3 265	6 837	202 309	1 855	4 307 313	286 534
Oppland .....	1 930 068	1 434	387	200 079	1 469	1 726 699	300 474
Buskerud .....	457 709	4 889	-	158 218	6 397	288 205	72 626
Vestfold .....	2 193 361	445	728	81 859	200	2 110 129	476 152
Telemark .....	1 862 014	3 136	1 132	130 119	800	1 726 827	150 496
Aust-Agder .....	222 763	47	440	86 581	11 074	124 621	67 131
Vest-Agder .....	416 020	1 826	206	69 639	101 693	242 656	103 967
Rogaland .....	1 640 066	14 856	13 051	245 970	14 515	1 351 674	208 761
Hordaland .....	4 287 803	41 846	1 415 383	405 901	1 959 469	465 204	1 817 324
Sogn og Fjordane .....	180 238	4 107	-	107 548	7 464	61 119	59 326
Møre og Romsdal .....	1 777 126	1 591	-	210 755	555	1 564 225	249 659
Sør-Trøndelag .....	5 238 719	31 244	1 424 076	224 793	1 406 430	2 152 176	2 795 031
Nord-Trøndelag .....	734 603	2 951	852	94 832	47	635 921	49 679
Nordland .....	1 492 307	459	120	256 562	19 428	1 215 738	366 338
Troms Romsa .....	1 405 398	28 816	227 000	92 807	543 307	513 468	865 311
Finmark Finnmárku .....	233 817	1 497	233	53 463	1 406	177 218	50 179
Svalbard .....	58 220	97	38 000	4 914	164	15 045	15 275

<sup>1</sup> Tala i tabellen omfattar dei opne musea. <sup>2</sup> På grunn av endring i spørjeskjemaet for 2009, kan dette talet vere misvisande.

Kjelde: Statistisk sentralbyrå.



Tabell 8.2. Museum<sup>1</sup> og samlingar. Besøk. 2002-2011

	Einingar i alt	Besøk		Betalte besøk	Besøk i alt per innbyggjar <sup>2</sup>	
		I alt	Av desse som enkeltbesøk			
		1 000				
2002 .....	274	8 336	4 128	3 872	1,8	
2003 .....	263	8 523	4 592	4 119	1,9	
2004 .....	234	8 553	5 681	4 564	1,9	
2005 .....	188	9 061	6 344	4 732	2,0	
2006 .....	175	9 331	6 786	4 462	2,0	
2007 .....	173	10 194	7 409	5 387	2,2	
2008 .....	166	10 196	7 553	5 055	2,2	
2009 .....	148	10 184	7 633	4 870	2,1	
2010 .....	137	10 548	8 070	5 142	2,2	
2011 .....	134	10 574	7 925	5 703	2,1	
<b>Fylke</b>						
Østfold .....	2	165	119	20	0,6	
Akershus .....	3	238	159	83	0,4	
Oslo .....	24	3 871	3 038	2 111	6,4	
Hedmark .....	3	296	223	230	1,5	
Oppland .....	10	449	341	289	2,4	
Buskerud .....	7	405	321	182	1,5	
Vestfold .....	2	129	88	63	0,5	
Telemark .....	3	203	172	61	1,2	
Aust-Agder .....	4	55	36	17	0,5	
Vest-Agder .....	7	217	157	62	1,2	
Rogaland .....	11	596	374	296	1,4	
Hordaland .....	12	1 069	796	768	2,2	
Sogn og Fjordane .....	3	150	102	72	1,4	
Møre og Romsdal .....	6	384	273	217	1,5	
Sør-Trøndelag .....	8	1 207	937	523	4,1	
Nord-Trøndelag .....	4	258	220	145	1,9	
Nordland .....	10	444	271	317	1,9	
Troms Romsa .....	7	266	180	127	1,7	
Finnmark Finnmarku .....	6	136	93	89	1,8	
Svalbard .....	2	37	23	32	-	

<sup>1</sup> Tala i tabellen omfattar dei opne musea. <sup>2</sup> Frå og med 2010 er innbyggjartala baserte på middelfolkemengd og ikkje på tal per 1. januar. Kjelde: Statistisk sentralbyrå.

Tabell 8.3. Utstillingar i norske museum<sup>1</sup>. 2002-2011

	Einingar i alt	Utstillingar i alt	Basis- utstillingar	Temporære utstillingar	Eigenproduserte vandreutstillingar i drift
2002 .....	274	2 387	1 383	754	237
2003 .....	263	2 420	1 377	795	248
2004 .....	234	2 452	1 398	892	162
2005 .....	188	2 658	1 434	1 028	196
2006 .....	175	2 737	1 471	1 040	226
2007 .....	173	2 858	1 559	1 073	226
2008 .....	166	2 881	1 523	1 119	239
2009 .....	148	2 964	1 541	1 139	284
2010 .....	137	2 922	1 578	1 068	276
2011 .....	134	2 939	1 605	1 061	273
<b>2011</b>					
Østfold .....	2	68	33	33	2
Akershus .....	3	182	105	63	14
Oslo .....	24	396	166	158	72
Hedmark .....	3	129	101	20	8
Oppland .....	10	149	84	57	8
Buskerud .....	7	136	92	41	3
Vestfold .....	2	45	15	27	3
Telemark .....	3	102	85	15	2
Aust-Agder .....	4	55	45	2	8
Vest-Agder .....	7	116	63	43	10
Rogaland .....	11	159	90	55	14
Hordaland .....	12	289	168	107	14
Sogn og Fjordane .....	3	67	34	30	3
Møre og Romsdal .....	6	175	88	55	32
Sør-Trøndelag .....	8	150	63	72	15
Nord-Trøndelag .....	4	108	43	61	4
Nordland .....	10	326	206	108	12
Troms Romsa .....	7	161	64	53	44
Finnmark Finnmarku .....	6	111	55	51	5
Svalbard .....	2	15	5	10	0

<sup>1</sup> Tala i tabellen omfattar dei opne musea.

Kjelde: Statistisk sentralbyrå.

Tabell 8.4. Kulturhistoriske bygningar, etter fylke. 2006-2011

	Einingar i alt <sup>1</sup>	Kulturhistoriske bygningar	Opne kulturhistoriske bygningar
2006 .....	175	4 894	2 942
2007 .....	173	4 785	2 971
2008 .....	166	4 782	2 918
2009 .....	148	4 866	2 970
2010 .....	137	4 974	2 862
2011 .....	134	4 982	2 925
<b>2011</b>			
Østfold .....	2	78	47
Akershus .....	3	188	127
Oslo .....	24	244	103
Hedmark .....	3	674	353
Oppland .....	10	585	277
Buskerud .....	7	387	232
Vestfold .....	2	46	29
Telemark .....	3	244	179
Aust-Agder .....	4	95	59
Vest-Agder .....	7	117	82
Rogaland .....	11	219	141
Hordaland .....	12	497	242
Sogn og Fjordane .....	3	199	102
Møre og Romsdal .....	6	307	170
Sør-Trøndelag .....	8	220	96
Nord-Trøndelag .....	4	145	114
Nordland .....	10	415	315
Troms Romsa .....	7	200	191
Finnmark Finnmarku .....	6	120	65
Svalbard .....	2	2	1

<sup>1</sup> Tala i tabellen omfattar dei opne musea.

Kjelde: Statistisk sentralbyrå.

Tabell 8.5. Museum og samlingar. Driftsinntekter og driftskostnader. 2011. Millionar kroner

	I alt
Driftsresultat .....	317,2
<b>Totale driftsinntekter .....</b>	<b>3 984,1</b>
Totale eigeninntekter .....	1 213,3
Billettinntekter .....	285,5
Varer og tenester .....	324,1
Sponsorinntekter .....	192,5
Andre eigeninntekter .....	411,2
Totalt ordinært offentleg driftstilskot .....	2 464,0
Ord. driftstilskot staten .....	1 834,0
Ord. driftstilskot fylkeskommune .....	305,2
Ord. driftstilskot kommune .....	324,8
Totalt andre offentlege tilskot .....	306,8
Andre offentlege tilskot, staten .....	168,5
Andre offentlege tilskot, fylke .....	25,0
Andre offentlege tilskot, kommune .....	113,3
<b>Totale driftskostnader .....</b>	<b>3 666,9</b>
Varer/ tenester .....	296,9
Lønn .....	1 798,1
Pensjon .....	148,8
Avskrivningar .....	87,8
Drift lokale .....	165,3
Vedlikehald lokale .....	131,5
Husleige .....	397,6
Andre driftskostnader .....	678,3
- Offentlege refusjonar .....	37,4

Kjelde: Statistisk sentralbyrå.

Tabell 8.6. Årsverk ved museum og samlingar, etter kjønn. 2006-2011

	2006	2007	2008	2009	2010	2011
<b>Årsverk i alt .....</b>	<b>3 578,6</b>	<b>3 768,1</b>	<b>3 842,0</b>	<b>3 840,8</b>	<b>3 934,2</b>	<b>3 977,8</b>
Årsverk, lønt personale .....	3 397,1	3 568,2	3 638,6	3 633,5	3 726,9	3 782,4
Av dette						
Årsverk, faste stillingar .....	2 517,2	2 656,6	2 674,9	2 715,6	2 792,3	2 844,0
Frivillige årsverk .....	181,5	199,9	203,4	207,3	207,4	195,4
<b>Årsverk, lønt personale, kjønn<sup>1</sup></b>						
Kvinner .....	1 800,9	1 921,9	1 908,5	1 921,7	1 946,3	2 006,4
Menn .....	1 773,2	1 846,2	1 730,1	1 711,8	1 778,9	1 776,0

<sup>1</sup> Frå 2008 er frivillige årsverk ikkje medrekna.

Kjelde: Statistisk sentralbyrå.

Tabell 8.7. Årsverk, etter type stilling og kjønn. 2006-2011. Prosent

	Dagleg leiar		Vitskapleg kunst- og kulturfagleg personale		Administrativt personale		Teknisk personale	
	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn
2006 .....	35,5	64,5	53,2	46,8	73,2	26,8	29,9	70,1
2007 .....	39,3	60,7	55,1	44,9	72,8	27,2	31,4	68,6
2008 .....	36,8	63,2	57,3	42,7	71,2	28,8	31,0	69,0
2009 .....	40,4	59,6	58,8	41,2	74,8	25,2	29,5	70,5
2010 .....	40,9	59,1	57,6	42,4	73,1	26,9	27,4	72,6
2011 .....	41,3	58,7	58,6	41,4	73,5	26,5	29,0	71,0
<b>2011</b>								
Østfold .....	50,0	50,0	73,3	26,7	65,6	34,4	23,9	76,1
Akershus .....	37,7	62,3	68,2	31,8	81,4	18,6	12,9	87,1
Oslo .....	32,3	67,7	59,2	40,8	66,4	33,6	32,9	67,1
Hedmark .....	-	100,0	56,6	43,4	69,0	31,0	24,4	75,6
Oppland .....	33,1	66,9	60,7	39,3	76,8	23,2	23,9	76,1
Buskerud .....	82,5	17,5	55,7	44,3	91,1	8,9	29,8	70,2
Vestfold .....	66,7	33,3	68,9	31,1	96,4	3,6	47,6	52,4
Telemark .....	33,3	66,7	60,6	39,4	69,8	30,2	9,9	90,1
Aust-Agder .....	50,0	50,0	51,0	49,0	60,0	40,0	9,4	90,6
Vest-Agder .....	37,2	62,8	49,5	50,5	85,6	14,4	22,6	77,4
Rogaland .....	22,2	77,8	67,5	32,5	74,1	25,9	34,1	65,9
Hordaland .....	42,0	58,0	56,1	43,9	76,8	23,2	36,9	63,1
Sogn og Fjordane .....	50,0	50,0	58,7	41,3	76,2	23,8	17,3	82,7
Møre og Romsdal .....	3,2	96,8	51,5	48,5	70,9	29,1	20,8	79,2
Sør-Trøndelag .....	14,0	86,0	54,3	45,7	74,3	25,7	23,2	76,8
Nord-Trøndelag .....	75,0	25,0	51,7	48,3	70,6	29,4	22,7	77,3
Nordland .....	36,7	63,3	56,3	43,7	66,7	33,3	12,8	87,2
Troms Romsa .....	71,4	28,6	52,2	47,8	79,8	20,2	41,2	58,8
Finnmark Finnmarku .....	83,5	16,5	72,1	27,9	80,4	19,6	18,1	81,9
Svalbard .....	50,0	50,0	65,5	34,5	100,0	-	75,0	25,0

Kjelde: Statistisk sentralbyrå.

Tabell 8.8. Samansetjing av styra i musea, etter kjønn og fylke. 2006-2011. Prosent

	Styreleiar		Styremedlem		Varamedlem	
	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn
2006 .....	25,0	75,0	40,0	60,0	47,0	53,0
2007 .....	24,5	75,5	42,0	58,0	47,1	52,9
2008 .....	22,9	77,1	42,3	57,7	48,0	52,0
2009 .....	18,5	81,5	40,7	59,3	50,3	49,7
2010 .....	18,3	81,7	43,2	56,8	48,2	51,8
2011 .....	20,8	79,2	45,4	54,6	48,3	51,7
<b>2011</b>						
Østfold .....	100,0	0,0	41,7	58,3	57,1	42,9
Akershus .....	0,0	100,0	55,0	45,0	52,6	47,4
Oslo .....	6,7	93,3	47,9	52,1	42,9	57,1
Hedmark .....	33,3	66,7	29,4	70,6	50,0	50,0
Oppland .....	0,0	100,0	48,1	51,9	43,2	56,8
Buskerud .....	14,3	85,7	37,8	62,2	54,3	45,7
Vestfold .....	0,0	100,0	63,6	36,4	50,0	50,0
Telemark .....	0,0	100,0	47,4	52,6	63,2	36,8
Aust-Agder .....	50,0	50,0	37,5	62,5	47,1	52,9
Vest-Agder .....	0,0	100,0	50,0	50,0	50,0	50,0
Rogaland .....	50,0	50,0	36,6	63,4	47,9	52,1
Hordaland .....	16,7	83,3	42,9	57,1	50,0	50,0
Sogn og Fjordane .....	33,3	66,7	57,1	42,9	46,2	53,8
Møre og Romsdal .....	16,7	83,3	51,3	48,7	57,1	42,9
Sør-Trøndelag .....	25,0	75,0	36,5	63,5	41,3	58,7
Nord-Trøndelag .....	25,0	75,0	56,5	43,5	38,5	61,5
Nordland .....	10,0	90,0	45,6	54,4	45,5	54,5
Troms Romsa .....	28,6	71,4	55,8	44,2	52,9	47,1
Finnmark Finnmarku .....	50,0	50,0	53,3	46,7	42,4	57,6
Svalbard .....	0,0	100,0	20,0	80,0	60,0	40,0

Kjelde: Statistisk sentralbyrå.

Tabell 8.9. Museum og samlingar, etter storleik. 2011

	Talet på museum		Besøk		Utstillingar		Gjenstandar/objekt		Årsverk		Driftskostnader		Driftsinntekter	
	I alt	Pro-sent	I alt	Pro-sent	I alt	Pro-sent	I alt	Pro-sent	I alt	Pro-sent	Millionar kroner i alt	Pro-sent	Millionar kroner i alt	Pro-sent
<b>I alt</b> .....	<b>134</b>	<b>100,0</b>	<b>10 573 670</b>	<b>100,0</b>	<b>2 939</b>	<b>100,0</b>	<b>48 665 033</b>	<b>100,0</b>	<b>3 978</b>	<b>100,0</b>	<b>3 667,0</b>	<b>100,0</b>	<b>3 984,1</b>	<b>100,0</b>
<b>Totale driftskostnader. 1 000 kroner</b>														
0 - 4 000 ...	27	20,1	667 649	6,3	161	5,5	425 372	0,9	166	4,2	36,4	1,0	124,3	3,1
4 001 - 10 850 ..	27	20,1	747 228	7,1	330	11,2	2 521 832	5,2	248	6,2	206,3	5,6	212,0	5,3
10 851 - 18 350 ..	27	20,1	1 032 828	9,8	534	18,2	4 078 306	8,4	447	11,2	390,8	10,7	401,9	10,1
18 351 - 39 000 ..	26	19,4	2 248 179	21,3	670	22,8	5 604 631	11,5	740	18,6	685,3	18,7	814,9	20,5
39 001 - .....	27	20,4	5 877 786	55,6	1 244	42,3	36 034 892	74,0	2 378	59,8	2 348,1	64,0	2 431,0	61,0

Kjelde: Statistisk sentralbyrå.

Tabell 8.10. Museum som er lagde til rette for funksjonshemma, etter fylke. 2010-2011

	Talet på museum	Er museets lokale lagde til rette for funksjonshemma?		Er museets formidling lagd til rette for funksjonshemma?	
		Ja	Nei	Ja	Nei
2010 .....	137	102	35	76	61
2011 .....	134	97	37	70	64
<b>2011</b>					
Østfold .....	2	2	-	2	-
Akershus .....	3	2	1	2	1
Oslo .....	24	18	6	12	12
Hedmark .....	3	2	1	-	3
Oppland .....	10	8	2	6	4
Buskerud .....	7	5	2	5	2
Vestfold .....	2	2	-	1	1
Telemark .....	3	1	2	-	3
Aust-Agder .....	4	3	1	2	2
Vest-Agder .....	7	6	1	5	2
Rogaland .....	11	8	3	4	7
Hordaland .....	12	10	2	7	5
Sogn og Fjordane .....	3	2	1	1	2
Møre og Romsdal .....	6	5	1	6	-
Sør-Trøndelag .....	8	4	4	2	6
Nord-Trøndelag .....	4	3	1	2	2
Nordland .....	10	6	4	5	5
Troms Romsa .....	7	4	3	3	4
Finmark Finnmarku .....	6	5	1	4	2
Svalbard .....	2	1	1	1	1

Kjelde: Statistisk sentralbyrå.